

Til:

Asle Ingebretsen
Hilde Fisketjøn
Marie Aniksdal
Siri K. Fuglestad
Tone Ueland

Dykkar ref.

Vår ref.
18/37737 HELEArkivkode
035 A20Dato
21.11.2018**Vigrestad skule - SU - referat frå møte 22. oktober 2018**

Dato: 22.10.2018

Tid: kl. 18:45

Desse møtte: Asle Ingebretsen, Hilde Fisketjøn, Marie Aniksdal, Tone Ueland,
Siri K. Fuglestad og Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland

Forfall:

Saker:**11/18 Godkjenning av innkalling**

Ingen kommentar til innkallinga.

12/18 Inkluderande læringsmiljø

Rektor orienterte om satsinga på Inkluderande læringsmiljø og kva tiltak skulen sette i gang i samband med dette. Det er ei satsing på inkludering både i klasserommet i undervisninga og i friminutta. Alle elevane skal kjenna seg inkludert og verdifulle.

Skulen har styrte leikegrupper i første friminutt på fleire trinn. Det er det god erfaring med.

Inkludering i undervisning handlar mykje om at elevane skal kjenna mestring. Læraren kan få alle med ved å stilla opne spørsmål og ved å bruka lærevenn. Rektor orienterte om dette.

Gjennom å vera med i prosjektet får Vigrestad skule mykje kompetanseheving via kurs og føredrag som omhandlar temaet. Det er og ein av dei tinga Jærskulen er med å bidreg til at Vigrestad skule får delta på.

Rektor understreka skjerpinga i § 9a og orienterte om aktivitetsplikta. Det er låg terskel for å setja i gang tiltak om ein ser at ein elev ikkje trivs.

13/18 Leikegrupper i heimen

På foreldremøte i september vart det lagt fram forslag på nokre trinn om leikegrupper i heimen kunne vera eit tiltak frå foreldresida til å skapa gode relasjonar mellom elevar og slik vera med å skapa godt læringsmiljø i klassane.

FAU seier dei vil gå for det om skulen kjenner at det er behov for det på nokre trinn, og dei ber lærarane kartleggja litt klimaet i klassane. Elles kjenner dei på at det er mykje tilbod og aktivitetar for borna, og dei trur ein del foreldre vil oppleve det travelt. Dette vert teke opp som sak att på neste møte.

14/18 Klatrekube

Rektor orienterte om klatrekuba som vil verta sett opp på foreldre dugnad heile helga i veke 44.

Jæren sparebank og Sandnes sparebank har gitt FAU kr 60 000,- kvar til dette tiltaket. Det dekker utgiftene til kuba, utgiftene til fallunderlag tek skulen sjølv ved hjelp av fond overført til 2018.

Eventuelt

- **Graving i Nymannsvegen**

Per Ivar orienterte om gravinga og tidsperspektiv på det:

Hå kommune skal grava i Nymannsvegen. Gang og sykkeltrafikk vil verta lagt om i graveperioden (stipla rød linje på kartet som er lagt ut på heimesida til skulen).

Arealet som det vert gravt i, vil verta sperra av slik at det er trygt for skuleelevane å koma til og frå skulen. Når dei kjem utanfor vist graveområde, vil vegen vera stengt. Dei prøver å gjera den perioden så kort som mogeleg, ein til to veker. Gravearbeidet vil verta begynt på i veke 42-43.

Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland
referent

Kopi til:

Grete Waldeland Høiland
Karin Undheim
Linda Therese Torsen
Per Ivar Aniksdal

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur